

# Primitive

---

tider

2015

17

arkeologisk  
tidsskrift

17

Primitive  
tider  
2015 17. årgang



**Primitive tider** utgis av Steinar Solheim (red.), Jostein Gundersen, Elise Naumann, Hege Skalleberg Gjerde, Josephine Munch Rasmussen, Heidi Mjelva Breivik og Ole-Marius Kildedal.

ISSN 1501-0430

Postadresse:

Primitive tider

Postboks 7009, St. Olavs plass

0130 Oslo

E-post: [kontakt@primitive-tider.com](mailto:kontakt@primitive-tider.com) / [abonnement@primitive-tider.com](mailto:abonnement@primitive-tider.com)

Internett: [www.primitive-tider.com](http://www.primitive-tider.com)

Grafisk utforming: Ole-Marius Kildedal, Steinar Solheim og Elise Naumann

Trykk: Reprosentralen ved Universitetet i Oslo

©Primitive tider. Ettertrykk for mangfoldiggjøring kun etter avtale med redaksjonen.

## Skrive for Primitive tider?

*Primitive tider* oppfordrer spesielt uetablerte forfattere til å skrive. Vi er interessert i artikler, kommentarer til tidligere artikler og anmeldelser av faglitteratur. Kanskje blir din artikkel neste nummers debatttema! Send inn ditt manuskript og la det få en faglig og seriøs vurdering av redaksjonen. Husk at hele prosessen kan være tidkrevende, så planegg å være ute i god tid. Innleveringsfrister finner du på våre nettsider. Det er likevel ingen grunn til å vente til siste øyeblikk, send gjerne inn før fristen!

For å lette arbeidet for deg og for oss, er det helt nødvendig at du setter deg godt inn i forfatterveiledningen og følger den. Forfatterveiledningen finner du på våre nettsider:

[www.primitive-tider.com](http://www.primitive-tider.com)

Artikkelutkastet bør lengdemessig omtrent tilsvare den ferdige artikkelen. Det må med andre ord være noe mer enn en skisse/ løse ideer, men også vesentlig kortere enn en avhandling.

Vi ser fram til å høre fra deg! Kontakt oss enten pr. mail: [kontakt@primitive-tider.com](mailto:kontakt@primitive-tider.com) eller send utkastet til postadressen over.

## INNHold

<b>Insulære beslag fra vikingtidsgraver i Trøndelag: En undersøkelse av gjenstandenes bruk og betydning</b>	1
Aina Margrethe Heen-Pettersen	
<b>En modell for organiseringen av landskapet i østnorske dalstrøk i middelalder og historisk tid</b>	25
Ingunn Holm	
<b>Kvalitetsreformens konsekvenser - endringer i arkeologiundervisningen?</b>	35
Gørill Nilsen	
<b>BOKANMELDING</b>	
Marianne Vedeler og Ingunn Marit Rødstad (red.): <b>Smykke. Personlig pynt i kulturhistorisk lys.</b>	51
Vibeke Maria Viestad	
<b>Live Johannesen og Jan-Erik G. Eriksson (red.): Faglig program for middelalderarkeologi. Byer, sakrale steder og borger.</b>	55
Irene Baug	
<b>Kommentar til Frans-Arne Stylegars bokanmelding av S.W. Nordeide <i>The Viking Age as a Period of Religious Transformation</i></b>	59
Sæbjørg Walaker Nordeide	

## BOKANMELDING

Live Johannesen og Jan-Erik G. Eriksson (Red.):

Faglig program for middelalderarkeologi. Byer, sakrale steder, befestninger og borger. Riksantikvaren.

### Irene Baug

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen

Faglig program for middelalderarkeologi tek for seg forvaltnings- og kunnskapsstatusen rundt kulturminner frå mellomalderen, og gir ei historisk oversikt over sentrale arkeologiske undersøkingar. Tematisk er publikasjonen avgrensa til kulturminner og kulturmiljø frå mellomalderen som Riksantikvaren har eit særskilt forvaltningsansvar for, som kyrkjer, kloster, kyrkjelege anlegg, borger og befestningar og byanlegg. Dette er utvalte kulturminner frå mellomalderen der NIKU sidan 1994 har hatt ansvaret for utgravingane. *Faglig program for middelalderarkeologi* har ingen klart formulerte problemstillingar, men har fokus på dokumentasjon og gjennomgang av aktuell empiri rundt dei utvalte kulturminna/miljøa, og er såleis eit dokumentasjonsprosjekt og ikkje eit forskingsprosjekt. Fokuset ligg på systematisering av eksisterande kunnskap for å opparbeide eit grunnlag for å vurdere generelle satsingsområder rundt ulike forvaltnings spørsmål knytt til kulturminner frå mellomalderen.

Boka føreligg i A4-format og er på 235 sider inkludert vedlegg. Publikasjonen består av 9 kapittel som igjen er delt inn i fleire, ofte svært korte, underkapittel. Riksantikvaren har valt å nytte seg av mange forskjellige fagpersonar med spesialkompetanse på og erfaring frå ulike felt. Dette gjer at ein får dekka forskjellige tematikkar innafor eit stort geografisk område. Boka er rikt illustrert i fargar, med gode kart og bilete, og ho

har ein ryddig og oversiktleg layout. Oversikt over litteratur og kjelder er samla bak i boka. Eit noko kritikkverdig aspekt er at ikkje alle kapitla har referansar til litteratur eller andre kjelder i teksten. Manglande referansar gjer at boka får eit noko populærvitskapleg preg. I redaksjonens forord er det sagt at kapittel utan kjeldereferansar til dels blir dekka av den oppførte litteraturen bak i boka. Innleiingsvis i kap. 3 står det også at ein har valt å ikkje ta med referansar til aktuelle rapportar frå utgravingar i byane, då dette ville ha gjort innhaldet i publikasjonen uoversiktleg. Dette må seiast å vere noko uryddig. Publikasjonen hadde vore tent med å innføre eit likt referansesystem for alle kapittel og underkapittel i boka, og all litteratur som er brukt bør finnast igjen i litteraturlista.

Kapittel 2 gir ein gjennomgang av dagens forvaltningssystem og den historiske bakgrunnen for dette. Riksantikvarens særskilte myndigheit og førstelinjeansvar for utvalte kulturminner frå mellomalderen blir forklart, og med dette får lesaren også ei forklaring på tematikken i publikasjonen – kulturminner og kulturmiljø som Riksantikvaren sjølv har eit særskilt ansvar for. Spørsmålet rundt den noko kompliserte organiseringa av den norske kulturminneforvaltninga med ei ansvarsfordeling mellom mange ulike instansar og institusjonar har ein valt å ikkje gå nærare inn på. Kanskje burde dette likevel vore eit tema når målsettinga for det

faglige programmet er å utarbeide framtidige satsingar og prioriteringar for den arkeologiske verksemda.

Kapittel 3, *Middelalderbyene*, omhandlar mellomalderbyane, både faghistorikk, bydanning og byens rolle. Her har Riksantikvaren valt å avgrense seg til dei åtte byane Bergen, Hamar, Oslo, Sarpsborg, Skien, Stavanger, Trondheim og Tønsberg som Riksantikvaren har førstelinjeansvar for. Ut frå ein fagleg samanheng må dette seiast å vere noko snevert, og ein må stille spørsmål om det er riktig å utelate stader som Veøy, Vågan, Borgund og Kaupanger – som også vart rekna som urbane stader i mellomalderen – men som ikkje lenger er byar i dag. Sett i ein fagleg samanheng mister ein viktige perspektiv rundt urbanisering og byutvikling ved å utelate enkelte stader som er omtala med bytermer i mellomalderkjelder, og som også har eit arkeologisk materiale som tyder på at dette var byar i si samtid. Vitskapleg sett viser publikasjonen her såleis eit noko manglande kjelde- og kunnskapsgrunnlag rundt mellomalderbyane.

Dei åtte mellomalderbyane som blir omtala i kapittelet får ein relativt detaljert gjennomgang av m.a. topografi, avgrensing og bustadmønster. Det blir også gitt ei skjematisk oversikt over dei viktigaste arkeologiske undersøkingane for kvar by. Denne samla dokumentasjonen utgjør eit godt grunnlag for å kunne utarbeide framtidige prioriteringar innafor forvaltninga – både på eit nasjonalt plan, men også i forhold til dei enkelte byane.

Det arkeologiske kjeldematerialet frå mellomalderbyane blir omtala i kapittel 4. Kapitlet har korte presentasjonar av utvalte tema, gjenstandstypar og strukturar skrevet av ulike fagfolk. Særleg får byens struktur med tomtegrenser, hamner, kyrkjer og bygningsstruktur merksemd. Handel blir omtalt i svært korte trekk, men eit breitt spekter av handverksaktivitetar i byane får fokus, som tekstilproduksjon, kalk- og mørtelproduksjon, lærarbeid, smedverksemd, gevir- og beinhandverk og teglproduksjon. Deretter kjem fleire underkapittel der utvalte gjenstandar blir omtala. Dei korte presentasjonane er informative og dekkjer eit breitt spekter av arkeologisk

materiale. Kanskje kunne det likevel vore interessant om ein gjekk noko meir i djupna på enkelte av tematikkane, og alternativt avgrensa tema noko.

I kapittel 5 skiftar ein tema frå by til sakrale stader frå mellomalderen – kyrkjer, kloster og hospital – både i rurale og urbane områder. Kapitlet startar med forskingshistorie, med særleg fokus på Riksantikvarens kyrkjearkeologi frå 1950 til 1994, då den utøvande arkeologiske verksemda vart flytta over til NIKU. Særleg har registrerings- og forskingsprosjektet *Norges Kirker* utgjort grunnlaget for Riksantikvarens forvaltning av sakrale bygningar. I faglig program er det likevel Riksantikvarens årsberetningar frå 1950 til 1994 som blir tillagt størst vekt. Dette for å gi ei oversikt over kyrkjearkeologiske undersøkingar som er gjort – men igjen utan å gå særleg inn på dei ulike undersøkingane og resultatane herifrå. Det er positivt at ein får fram behov for revisjon av måten kyrkjestadene blir presentert på og datert i Askeladden.

Faglig program set vidare fokus på dei meir tradisjonelle forskningstema knytt til ulike sakrale anlegg, som plasseringa av dei første kyrkjene, kyrkjas organisering og forholdet til kongemakt etc. Primærkjeldene til dei sakrale bygningane er bygningane sjølv eller restar av bygningane, men også skriftlege samtidskjelder. Nedlagte kyrkjer og kyrkjegardar er det dermed vanskeleg å få full oversikt over. I faglig program har ein valt å gå litt nærare inn på nokre få kyrkjestader og historikken rundt desse – for slik å eksemplifisere og i noko grad kunne sette temaet inn i ein samfunnskontekst. På denne måten får lesaren innblikk i enkelte sentrale problemstillingar, og dermed ei litt større forståing for tema.

Det neste temaet som blir omhandla er klosteranlegga. Faglig program bidreg her til å sette fokus på eit tema som har fått relativt lita merksemd innafor arkeologifaget, og der dagens kunnskapsstatus er noko svak. Klosteranlegg både i urbane og rurale områder blir omtala – men med ein relativt kortfatta presentasjon av dei ulike anlegga – både når det gjeld historikk og undersøkingar og arbeid som er gjort. Mellomalderske hospital var geistlege stiftingar

med prest og kyrkje, eller dei sto under geistligheitas tilsyn, og representerer såleis anlegg som Riksantikvaren har eit særskilt ansvar for. I faglig program blir 18 hospital omtala. Dei fleste av desse låg i eller i tilknytning til mellomalderbyane, og berre to eller tre er kjent utafor byane.

Kapittel 6 omhandlar befestningar og borger, og også her set publikasjonen fokus på eit tema som har fått relativt lite merksemd innafor den arkeologiske fagdisiplinen. I dei tilfella der det er føretekt arkeologiske undersøkingar er det likevel manglande dokumentasjon frå desse arbeida. Dei største og mest omfattande undersøkingane vart utført av Gerhard Fischer i perioden frå 1920 til 1970-talet. Dokumentasjonen frå utgravingane er mangelfull, og eit svært omfattande dokumentasjonsmaterialet ligg enno ubearbeida i Fischer-arkivet. Det er likevel berre nokre få undersøkingar som er gjort etter 1950, noko som speglar ei forskyving av fokus frå dei monumentale anlegga til kyrkje- og kongemakt til den meir profane bybusetnaden som nå får eit større fokus. I faglig program blir både kjente forsvarsanlegg av volltype, men også dei regulære murte borgene som blir anlagt mot slutten av 1100-talet trekt fram. Desse siste får ein noko grundigare gjennomgang med fokus på både historie og forskingshistorikk. Avslutningsvis i kapitlet kjem faglig program kort inn på andre typar anlegg med forsvarsfunksjonar, som befasta gardar, skanser og seglings- eller pælesperrar. Dette er meir sjeldne kulturminner som per i dag ikkje er skikkeleg kartlagt.

Det neste kapitlet, *Metode og dokumentasjon*, gir ein kortfatta gjennomgang av aktuelle utgravings- og dokumentasjonsteknikkar i mellomalderbyane, og korleis Riksantikvaren gjer dokumentasjon, gjenstandsmateriale og kjeldemateriale tilgjengeleg. Frå eit utal variantar av katalogar, skjema og databasar har ein no tatt grep – og tatt i bruk felles verktøy og metodar slik at ein kan samordne feltarbeid på tvers av distrikt. Ein arbeider også med overgang til meir omfattande digitale dokumentasjonsrutiner.

Kapittel 8 omhandlar miljøovervåking og bevaring av kulturlag i mellomalderbyane, og både metode og resultat kjem i fokus. Kulturlaga

i byane blir utsett for truslar og påverknadar i stort omfang, og så mykje som 30-50 % av kulturlaga kan ha forsvunne i løpet av dei siste 50 åra. Dette viser behovet for ei meir heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning, og her gir faglig program eit godt grunnlag. Den samla framstillinga og systematiseringa av ulike typar kulturminner og kulturmiljø som blir presentert i publikasjonen vil truleg også vere ein viktig reiskap i forhold til politiske prioriteringar rundt framtidige forvaltningsspørsmål og bevaring. Riksantikvarens viktige verksemd innan miljøovervåking blir presentert – der det blir innhenta data om kulturlagas bevaringstilstand, og årsaker til utvikling og endring i kulturlag og kulturmiljø blir diskutert. Det meste av metodeutvikling innan miljøovervåking er innhenta gjennom *Prosjekt Miljøovervåking av kulturlaga på Bryggen* – eit prosjekt som har gitt ny og viktig kunnskap rundt bevaringsforholda til kulturlaga. Erfaringa frå Bryggen er overført til dei andre mellomalderbyane, men det er også utført miljøovervåkingar utafor mellomalderbyane.

Eit siste tema som blir teke opp i faglig program er satsingsområder – dvs. hovudmålsettingar og prioriteringar for den arkeologiske utgravingsverksemda. Her skisserer Riksantikvaren ein del problemstillingar og forslag til forskningstematikk rundt dei presenterte kulturminna. Dette blir kanskje noko oppstykket og lite kontekstuellt, og presentasjonen hadde truleg vore tent med å sjå dette i forhold til tidlegare og eksisterande forskning på dei ulike felta. Ut frå tema i faglig program hadde ein kanskje også forventa eit noko meir oppsummerande fokus på forvaltningsmessige målsettingar og satsingsområder i dette kapitlet.

Heilt til slutt nokre oppsummerande merknader. Det er eit mål at faglig program skal utgjere eit grunnlag for generelle satsingar rundt arkeologiske kulturminner/kulturmiljø frå mellomalderen. Publikasjonen har såleis lagt opp til å dekke fleire og forholdsvis varierende tema innafor større geografiske områder. Dette gjer at ein ikkje har fått gå særleg i djupna på dei ulike aspekta som blir tekne opp, og fleire sentrale forskingsarbeid og problemstillingar blir

ikkje trekt inn. Tidvis kan teksten verke noko springande og overflatisk, og ein kan spørje seg om alle mindre gjenstandsgrupper og tematikkar som blir trekt fram er nødvendige. Kapittel 3 til 6 omhandlar spesifikke kulturminner og kulturmiljø som kyrkjelege anlegg, borger og byanlegg, og til dels ein kortfatta historikk rundt desse, tema som vil kunne ha ei allmenn interesse. Dei resterande kapitla er i større grad retta mot aktørar som arbeider innan forvaltning – og då særleg forvaltning av mellomalderske kulturminner. Faglig program er såleis ein viktig publikasjon som set fokus på mellomalderske kulturminner og kulturmiljø samt forvaltninga av desse. Lesaren får innblikk i eit breitt spekteret av kulturminner frå mellomalderen, og den forvaltningsmessige kompleksiteten desse utgjær. Publikasjonen gir ei historisk oversikt over sentrale arkeologiske undersøkingar og i korte trekk resultata av desse, men dokumenterer også behovet for meir kunnskap om og forskning på fleire av dei mellomalderske kulturminna og kulturmiljøa i Noreg. Dette er nok likevel ein publikasjon som vil ha størst nytteverdi innafor forvaltninga, og i mindre grad i forskningssamanheng.

#### Litteratur

- Helle, K. 2006: Del I. Frå opphavet til omkring 1500. I:  
Helle, K., Eliassen, F.E., Myhre, J.E., og Stugu, O.S.  
(red.) *Norsk Byhistorie. Urbanisering gjennom 1300 år*,  
23-142. Pax Forlag A/S, Oslo.





**PRIMITIVE-TIDER.COM**

ISSN 1501-0430

PRIS KR. 200,-